



Skulereglar for Hareid kommune

Godkjent i kommunestyret __.__.____.

§1 Heimel

Reglementet er heimla i opplæringslova paragraf 10-6, 10-7 og kapittel 12 og 13.

§2 Formål og målsetjing

I skulen er evna til samhandling mellom andre elevar og lærarar av stor verdi. Skulereglane skal hjelpe til med å organisere skulesamfunnet, slik at skulen blir ein god og trygg arbeidsplass for elevar og tilsette. Alle medlemmane i skulesamfunnet må sjølv ta ansvar for eigne handlingar, slik at vi saman når dette målet.

§3 Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle skulane i Hareid.

Skulereglane gjeld for elevane i skuletida og på skulen sine arrangement.

Skulane kan lage eventuelle lokale skulereglar, men desse må vere innanfor ramma av kommunen sine reglar. Skulen sine ulike organ skal få seie si meining når lokale reglar skal innførast. Skulane informerer føresette om desse reglane ved skulestart.

Reglane om skulemiljø i opplæringslova kapittel 12 gjeld også for SFO og leksehjelp.

Reglementet skildrar også kva som skjer når reglane blir brotne og korleis slike saker blir handsama.

Skulen har plikt til å gjere tilsette, elevar og føresette kjent med skulereglane.

Opplæringslova, § 12-2, §12-3 og §12-4, seier dette om skulemiljøet til elevane:

Alle elevar har rett til:

- å bli møtt med respekt og omtanke
- å få ros og oppmuntring, rettleiing og grensesetjing
- å bli verna mot alle former for krenking, utestenging og mobbing
- å høyre til eit fellesskap som aksepterer den enkelte for den dei er

§4 Reglar for orden

Heimla i opplæringslova kap. 13

Elevane i skulen skal:

- følgje klassen/skulen sine eigne reglar
- vere til stades i undervisningstimar, og føresette skal levere melding ved fråvær frå første fråværsdag



- ha med naudsynt utstyr til timane og halde orden i skulesaker og utstyr. Avtale om lån av iPad og PC er ein del av skulen sitt ordensreglement, og det gjeld også bruk av mobil og anna kommunikasjonsutstyr
- møte presis til timar og avtalar
- gjere skulearbeid til avtalt tid

§5 Reglar for oppførsel (åtferd)

Elevane i skulen skal:

- følgje klassa, gruppa og skulen sine reglar
- ta vare på skulen og alt som høyrer til skulen, som hjelpemiddel og spesialutstyr
- vere høflege og vise omsyn og respekt
- syte for arbeidsro i timane
- rette seg etter det dei tilsette seier i timane, friminutta, på leksehjelp og på SFO
- vise digital danning og nettvett, og følge skulen sine reglar for bruk av digitalt utstyr og mobil
- ikkje utsette medelevar eller vaksne i skulemiljøet for krenkande ord og/eller handling som mobbing, diskriminering, psykisk eller fysisk vald, rasisme, trakassering eller utestenging på skulen, skulevegen eller i det digitale rom
- berre nytte mobile einingar etter avtale med lærar. Sjå den enkelte skule sitt eige reglement for bruk av mobil/mobilhotell!
- sjølv ha ansvar for pengar, mobile einingar og andre verdisaker som blir tatt med på skulen eller SFO

Det er ikkje lov å:

- nytte sykkel, rulleskøyter, rullebrett, sparkesykkel eller liknande på skulen sitt område i skule- og SFO-tida. Skulen kan opne for unntak
- nytte nikotinholdige produkt som sigarettar, e-sigarettar, snus eller liknande
- nytte andre rusmiddel
- forlate skulen i skuletida utan løyve
- ta med eller bruke gjenstandar som kan skade personar, bygning eller inventar på skulen sitt område
- forstyrre undervisninga
- filme, ta bilde eller lydopptak av andre elevar eller tilsette ved skulen utan løyve frå dei som blir filma. Det same gjeld for deling av film, bilete og lydopptak. Bilete, lyd og video tatt opp med løyve, skal ikkje nyttast til anna enn det som er avtalt, og skal ikkje publiserast på sosiale nettverk.
- ta med søtsaker, brus, energidrikk eller annan usunn mat og drikke utan at lærar har sagt at det er lov.



§6 Konsekvensar ved regelbrot

Heimla i kapittel 13, Ordenstiltak i opplæringslova, §13-1 og §13-2.

Alle konsekvensar ved regelbrot skal vere av ein slik art at eleven/elevane forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Eleven skal, om mogleg, få anledning til å gjere opp for seg.

Skulane i Hareid vil normalt ta i bruk følgande sanksjonar ved regelbrot:

- Tilsette vil gi elev tilsnakk/vise til rette.
- Lærar vil kunne gi eleven merknad.
- Lærar vil kunne gi skriftleg varsel til eleven.
- Lærar vil ta kontakt med føresette.
- Lærar vil også, ved behov, ha skriftleg kontakt med føresette.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade som er påført skulen sin eigedom eller eigedelar (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging eller liknande).
- Ved skade på hus, inventar, berbar datamaskin, læringsbrett med tilhøyrande utstyr eller anna læremateriell, må elev/føresette rekne med å erstatte heile, eller delar av skaden (jamfør lov om skadeerstatning, §§ 1-1 og 1-2).
- Ekstra oppmøte på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar eller for å utføre pålagte oppgåver.
- Beslaglegge farlege gjenstandar som kan nyttas til å skade andre.
- Ta inn mobiltelefonar eller andre kommunikasjonsmiddel i skuletida etter fastsette skulereglar.
- Ulovlege forhold blir meldt til politiet.
- Setje ned karakter i orden og/eller oppførsel etter gjentekne regelbrot, dersom føresette på førehand er varsla. Ved særleg grove enkelthendingar kan også karakter setjast ned (jamfør §9-7 i forskrift til opplæringslova).
- Bortvising, sjå § 7.3 i skulereglane.
- I heilt spesielle tilfelle kan kommunen vedta midlertidig eller permanent byte av skule.

§7 Presisering av regelverket

§7-1 Elevane si plikt til å delta, etter opplæringslova kap. 10

Elevane har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skulereglane.

Ved sjukdom skal skulen ha beskjed så raskt som mogleg gjennom digital meldingsbok. Kommunen skal ved fråvær sørge for at elevane med fråvær blir følgde opp. Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skuletida (lekser).

Gjenteke, ugyldig fråvær er brot på skulereglane og skal leggjast vekt på når ordens- eller oppførselskarakter skal setjast. Hovudgrunnlaget skal vere orden og oppførsel siste halvår. Eleven sine føresette skal varslast ved ugyldig fråvær, både ved gjentekne forseintkomingar



og anna fråvær, for å få klarlagt årsaka til fråværet.

Når det er forsvarleg, kan skulen, etter søknad, gi den enkelte elev permisjon, jf. opplæringslova paragraf 2-2 og lokal forskrift om elevpermisjonar.

§7-2 Vurdering av orden og oppførsel

Vurdering i orden og oppførsel blir gjort etter reglane i dette reglementet, jamfør § 4 og 5 i skulereglane. Eleven sin orden og åtferd kan ikkje vurderast ut i frå andre vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakterane i orden og oppførsel vil vanlegvis bli sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også setjast ned ved enkelthendingar, dersom regelbrotet er eit spesielt grovt brot på reglementet, jf. forskrift til opplæringslova § 9-2.

Det skal også gjerast ei heilskapleg vurdering av ordenen deira og oppførselen deira gjennom opplæringstida ved standpunktvurdering på 10.trinn, jf. forskrift til opplæringslova §9-17.

§7.3 Bortvising

Bortvising er den mest alvorlege sanksjonen for grunnskulen og kan berre brukast i dei mest alvorlege tilfella eller ved gjentekne brot på skulereglane.

Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.

Elevar på 1.-7. trinn kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar, inntil to timar eller for resten av skuledagen. Bortvising inntil to timar er delegert til lærar og krev ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Elevar på 8.-10. trinn kan visast bort frå undervisning opp til 3 dagar.

Føresette til elevar på 1.-7. trinn skal varslast før det blir sett i verk bortvising resten av dagen. Bortvising resten av dagen, eller bortvising inntil tre dagar (berre for 8.-10. trinn) krev enkeltvedtak og blir avgjort av rektor.

Elevar som gjentekne gongar kjem for seint eller forstyrrar undervisninga, kan i konkrete situasjonar og ut i frå ei totalvurdering av både eleven og situasjonen, visast bort frå klassen/gruppa for resten av timen, jamfør §5 og 6 i skulereglane.

Elevar som truar med vald eller utøver vald, kan visast bort frå undervisninga eller skulen. Lengda av bortvisningstida vil avhenge av eleven sin alder (Jamfør opplæringslova §13-1), samt alvoret i situasjonen.

§7.4 Beslag av gjenstandar

På skulen sitt område er det ikkje tillate med gjenstandar som kan nyttast til å skade andre, om ikkje gjenstanden skal brukast til andre lovlege føremål. Gjenstandane kan beslagleggast av skulen.



§7.5 Rusmiddel

Tobakk, snus, sigarettar, e-sigarettar, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel er ikkje tillate i skuletida. Skulen skal beslaglegge desse rusmidla.

Straffbare forhold blir melde til politiet.

§7.6 Skade/hærverk

Ved skade eller hærverk på skulen sine bygningar og eigedelar kan eleven i tillegg til å få sanksjonar etter dette reglementet, også bli erstatningsansvarleg (jamfør skadeerstatningslova § 1-1).

Føresette kan bli erstatningsansvarlege etter §1-2 i skadeerstatningsloven.

§ 7.7 Fysisk inngrep for å avverje skade

Når andre tiltak ikkje strekk til, kan tilsette gripe inn fysisk for å avverje at ein elev krenkjer andre fysisk, utset seg sjølv for fysisk fare, skadar eigedom eller viser åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv.

<https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§13-4>

§8 Straffbare forhold

Skulane melder straffbare forhold til politiet. Eleven sine føresette skal så raskt som mogleg varslast munnleg, samtidig som politiet blir bedne om hjelp. Føresette skal alltid varslast skriftleg om det er søkt om politiets bistand.

Dersom fornærma er ein medelev, skal fornærma og fornærma sine føresette få uttale seg før skulen tek stilling til om skulen vil melde forholdet. Når skulen melder til politiet på vegne av ein elev eller tilsett, kan fornærma bli kalla inn til eit fornærma-avhøyr av politiet.

§9 Framgangsmåte ved vedtak om tiltak og sanksjonar

Eleven har rett å uttale seg til den som treff avgjersla før vedtak om sanksjonar. Ved alvorlege eller gjentekne regelbrot, jamfør § 4 til 6 i skulereglane der det er aktuelt med sanksjonar, har eleven sine føresette etter varsel rett til å uttale seg før vedtak.

Føresette kan klage på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå det tidspunktet dei føresette har motteke enkeltvedtaket, jamfør forvaltningslova § 29.

Ei eventuell klage skal rettast til skulen som fatta enkeltvedtaket. Dersom skulen ikkje gir klagar medhald, sender skulen klagen til statsforvaltaren i Møre og Romsdal som er endeleg klageinstans.



På grunn av det korte tidsperspektivet ved bortvising må skulen vanlegvis tillate munnleg klage på slikt, til dømes per telefon. Dette kan vere naudsynt for å gi elevane og føresette ein reell klagerett i bortvisingssaker. Skulen må då notere ned kven som klagar og klagegrunn, jamfør forvaltningslova § 32.

Sanksjonar kan berre nyttast ovanfor den eller dei elevane som har gjort seg skuldig i brot på skulereglementet. Kollektiv straff er ikkje tillate.

Skulen kan ikkje nytte andre sanksjonar enn dei som er omtalt i skulereglane.